

2019

KVARTALSRAPPORT 30.6.2019



Forvaltningskapital

Forvaltningskapitalen er ved utgangen av juni 2019 på 6.224,3 MNOK mot 5.812,7 MNOK på same tid i fjor. Dette er ein auke på 7,08 %. Banken har pr. 30.06.19 eit volum på 1.549,0 MNOK i SpareBank 1 Boligkreditt AS. Når ein reknar med dette, er forvaltningskapitalen på 7.773,3 MNOK. Dette er ein auke på 514,5 MNOK sidan 30.06.18. Dette tilsvarar 7,09 %. Sidan nyttår er denne auken på 388,5 MNOK eller 5,26 %.

Innskot

Innskot frå kundar har dei siste 12 månadane auka med 276,7 MNOK som tilsvarar 6,50 %. Sidan nyttår har vi hatt ein auke i innskot på 4,10 %. Innskot frå kundar er nå 4.534,7 MNOK.

Utlån

Utlåna har sidan juni 2018 hatt ein auke på 273,2 MNOK til 5.194,7 MNOK. Dette gjev ein vekst i utlåna på 5,55 %. Vekst inklusiv boligkreditt er på 5,91 %. Sidan nyttår har utlån inklusiv boligkreditt auka med 2,2%.

Driftsresultat

Resultat av ordinær drift før tap og skatt er ved utgangen av juni 2019 på 114,0 MNOK. På årsbasis utgjør resultatet 3,85% av gjennomsnittleg forvaltningskapital. På same tid i fjor var det 55,6 MNOK som da utgjorde 1,98 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital.

Etter skatt og tap har vi eit resultat på 101,2 MNOK, som utgjør 3,42% av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Ved utgangen av juni 2018 hadde vi eit resultat på 49,0 MNOK. Dette utgjorde 1,74 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital.

Netto rente- og provisjonsinntekter utgjør 58,5 MNOK. På årsbasis blir dette 1,98% av gjennomsnittleg forvaltningskapital. For tilsvarande periode i fjor utgjorde netto rente- og provisjonsinntekter 50,1 MNOK og 1,78%. Den største endringa her kjem frå auka renteinntekter frå utlån.

Utbytte utgjorde pr. 2. kvartal 53,8 MNOK, medan det på same tid i fjor var 25,6 MNOK. Den store skilnaden her kjem frå ekstraordinært utbytte frå Samarbeidende Sparebanker AS som eit resultat av fusjonen i forsikring, som er nærare omtala seinare.

Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester har gått opp med 0,1 MNOK til totalt 18,6 MNOK. Provisjonar frå SpareBank 1 Boligkreditt har gått ned med 1,2 MNOK, medan vi har auke i provisjonar frå betalingsmidling.

Pr. 2. kvartal 2019 hadde vi netto verdiendringar på verdipapira på 27,5 MNOK. Det meste av dette er eit resultat av salget av aksjane i BN Bank ASA, vi viser til nærare omtale seinare.

Lønn og generelle administrasjonskostnader har auka frå 30,9 MNOK i 2. kvartal 2018 til 33,7 MNOK i 2. kvartal 2019. Andre driftskostnader er på 7,8 MNOK, som er ein auke på 0,4 mnok sidan i fjor.

Sum driftskostnader utgjør 1,45% rekna av gjennomsnittleg forvaltningskapital, som er ein auke frå 1,42% den 30.06.18. Driftskostnader i prosent av driftsinntekter (ekskl. verdiendringar på verdipapir) er på 33,23 %. Dette er ein reduksjon frå 42,81 % på same tid i fjor.

Ved utgangen av juni har banken bokført tap på 5,7 MNOK. Nedskriving på individuelle og grupper av utlån er ved utgangen av mars 31,8 MNOK, og nedskriving på garantiar er på 2,4 MNOK.

Soliditet og kapitaldekning


Banken har ein god soliditet med ei kapitaldekning på 19,85%. Rein kjernekapital er på 18,56%. Etter høvesvis konsolidering med selskap i samarbeidande grupper, har vi kapitaldekning på 19,70%, kjernekapitaldekning på 18,31% og rein kjernekapitaldekning på 18,07%. Vi viser elles til kapitaldekningsnota.

Opparbeidd overskot hittil i år er ikkje med i kapitaldekningsutrekninga.

Eigenkapitalen medrekna overskotet hittil i år er på 932,9 MNOK

Likviditet og finansiering

Vi har ein stabil og god likviditet, og LCR ved utgangen av juni er på 149%. Banken har følgjande forfallsstruktur på obligasjonsgjelda:



Tal i mill. kroner

■ = Ansvarleg lån

Forsikringsfusjon

Fremtind Forsikring AS vart 1. januar 2019 eit resultat av fusjonen mellom SpareBank 1 Skadeforsikring AS og DNB Skadeforsikring AS. I transaksjonsavtalen vart det lagt til grunn eit bytteforhold på 80 prosent for SpareBank 1 Skadeforsikring AS og 20 prosent for DNB Skadeforsikring AS. DNB ASA kjøpte seg opp i januar 2019 til ein eigardel på 35 prosent i selskapet. DNB ASA har vidare ein opsjon på å kjøpe seg opp til 40 prosent eigardel. Opsjonen går ut 31. mars 2020.

DNB ASA sitt oppkjøp frå 20 prosent til 35 prosent eigardel i Fremtind Forsikring AS medførte at SpareBank 1 Gruppen AS (morselskapet) har fått ein skattefri gevinst på ca. 1,7 milliardar kroner.

Denne gevinsten vart utdelt som ekstraordinært utbytte til eigarane 29 mars 2019. Utbytte er utbetalt til Samarbeidende Sparebanker AS og er utbetalt til eigarbankane i Samarbeidende Sparebanker AS i andre kvartal 2019. SpareBank 1 Lom og Skjåk sin del av dette utbyttet utgjorde omlag 25 millionar kroner.

Fremtind Forsikring AS har per dags dato ikkje fått konsesjon til å overføre personforsikringsprodukta frå SpareBank 1 Forsikring AS og DNB Livsforsikring AS. Det er venta at desse produkta blir overført til det nye dotterselskapet Fremtind Livsforsikring AS i løpet av 2019, etter endeleg godkjenning frå Finanstilsynet

Endra eigarskap i BN Bank ASA og SpareBank 1 Næringskreditt AS

Som varsla i børsmelding den 28. februar 2019, har SpareBank 1-bankene inngått ein avtale om endra eigarmodell i BN Bank ASA medrekna fordeling av B-aksjane i SpareBank 1 Næringskreditt AS, ved at enkelte av eigarane i dag fekk endra eigarskap på same tid som SpareBank 1 Østlandet kom inn som ny eigar.

I samband med transaksjonane selde SpareBank 1 Lom og Skjåk 105.589 aksjar i BN Bank ASA og 52.077 B-aksjar i SpareBank 1 Næringskreditt AS. I sum medførte dette at SpareBank 1 Lom og Skjåk selde aksjar for totalt 37,6 MNOK. SpareBank 1 Lom og Skjåk har no ikkje eigarinteresser i BN Bank ASA og SpareBank 1 Næringskreditt. SpareBank 1 Lom og Skjåk bokførte ein gevinst på om lag 25 millionar kroner i 2. kvartal 2019.

Utsiktene framover

I mars sette Norges Bank opp renta for andre gong sidan i fjor sommar, og dei kom med ei ny renteauke i juni. Dei fleste bankane har fylgt opp dette med å setje opp rentene på innskot og utlån. Det har også SpareBank 1 Lom og Skjåk gjort. Vi reknar med at desse renteendringane skal kunne bidra til ein styrka rentenetto i tida som kjem, etter at den i ein lang periode nå har gått nedover.

Folketalsnedgangen og den demografiske utviklinga i Nord-Gudbrandsdalen, auka konkurranse både frå eksisterande og nye aktørar, endring i kundeåtferd og teknologisk utvikling kan gje banken utfordringar i tida framover. Som ein bank som arbeider aktivt med å vere framtidsretta og som ynskjer å gjere oss attraktive for nye kundar, både i og utanfor primærmarknadsområdet, kan dette også gje oss moglegheiter. Med stort fokus på utvikling av gode tekniske løysingar, relevante initiativ og god service, tek vi sikte på å vere ein attraktiv bank også for kundar utanfor primærmarknadsområdet i lang tid framover.

Rekneskapen er ikkje revidert.

Resultat og balanse

Tal i heile tusen						Av gj.snitt forvaltningskapital		
RESULTATREKNESKAP	30.06.19	30.06.18	2. kvart 19	2. kvart 18	2018	30.06.19	30.06.18	2018
Renteinntekter og liknande inntekter	90.520	78.965	46.094	40.253	164.817	3,06 %	2,81 %	2,84 %
Rentekostnader og liknande kostnader	31.999	28.893	16.069	14.841	58.258	1,08 %	1,03 %	1,00 %
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter	58.521	50.073	30.025	25.412	106.559	1,98 %	1,78 %	1,84 %
Utbytte og andre inntekter av verdipapirer med variabel avkastning	53.843	25.554	52.975	23.649	26.511	1,82 %	0,91 %	0,46 %
Provisjonsinntekter og inntekter fra banktenester	18.588	18.536	9.644	8.762	37.703	0,63 %	0,66 %	0,65 %
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	1.540	1.191	661	594	2.624	0,05 %	0,04 %	0,05 %
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og verdipapir	27.513	2.358	25.313	967	4.331	0,93 %	0,08 %	0,07 %
Andre driftsinntekter	121	172	60	38	404	0,00 %	0,01 %	0,01 %
Sum andre inntekter	98.525	45.428	87.330	32.823	66.325	3,33 %	1,61 %	1,14 %
Personalkostnader	20.356	17.777	8.729	6.506	41.470	0,69 %	0,63 %	0,71 %
Administrasjonskostnader	13.372	13.136	7.025	7.002	27.446	0,45 %	0,47 %	0,47 %
Avskrivning mv. av varige driftsmidler og immatrielle	1.558	1.609	769	803	3.218	0,05 %	0,06 %	0,06 %
Andre driftskostnader	7.759	7.356	4.135	2.818	13.153	0,26 %	0,26 %	0,23 %
Sum driftskostnader	43.045	39.877	20.658	17.129	85.287	1,45 %	1,42 %	1,47 %
Resultat før tap	114.001	55.624	96.697	41.106	87.598	3,85 %	1,98 %	1,51 %
Tap på utlån, garantiar m.v.	5.696	-1.509	1.200	-2.507	-4.570	0,19 %	-0,05 %	-0,08 %
Skatt på ordinært resultat	7.096	8.102	4.119	5.234	17.338	0,24 %	0,29 %	0,30 %
Resultat av ordinær drift etter skatt	101.209	49.031	91.377	38.379	74.830	3,42 %	1,74 %	1,29 %

BALANSE	30.06.19	30.06.18	2018	Endring	
EIGEDLAR					
Kontantar og fordringar på sentralbankar	45.330	46.414	42.963	-1.084	-2,34 %
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	477.398	377.947	332.358	99.452	26,31 %
Brutto utlån til og fordringar på kundar	5.194.720	4.921.536	5.119.952	273.184	5,55 %
Nedskrivningar på individuelle utlån	13.359	13.000	9.195	359	2,76 %
Nedskrivningar på grupper av utlån	18.483	17.003	18.282	1.480	8,70 %
Sum netto utlån til og fordringar på kundar	5.162.878	4.891.533	5.092.475	271.345	5,55 %
Sertifikat, obligasjonar og andre renteberande verdipapir med fast avkastning	136.082	135.999	136.000	82	0,06 %
Aksjar, andelar og andre verdipapir med variabel avkastning	294.468	251.876	194.621	42.592	16,91 %
Eigarinteresser i tilknytte selskap	72.485	75.159	75.159	-2.673	-3,56 %
Immatrielle eigedelar	955	891	955	64	7,15 %
Varige driftsmidler	27.389	29.596	28.271	-2.206	-7,45 %
Andre eigedelar	5.740	1.045	3.943	4.695	449,23 %
Forskottsbetalte ikkje påløpte kostnader og opptente ikkje mottekne inntekter	1.600	2.289	1.858	-689	-30,11 %
SUM EIGEDLAR	6.224.325	5.812.748	5.908.603	411.577	7,08 %
GJELD OG EIGENKAPITAL					
Innskot frå og gjeld til kundar	4.534.674	4.257.935	4.356.245	276.739	6,50 %
Gjeld stifta ved utsteding av verdipapir	669.298	671.417	631.152	-2.119	-0,32 %
Anna gjeld	28.675	16.622	28.624	12.053	72,51 %
Påløpte kostnader og mottekne ikkje opptente inntekter	4.387	3.734	8.415	653	17,48 %
Avsetjing for påløpte kostnader og forpliktingar	4.346	5.858	2.430	-1.512	-25,82 %
Ansvarleg lånekapital	50.069	50.055	50.070	14	0,03 %
Sum gjeld	5.291.448	5.005.621	5.076.935	285.827	5,71 %
Eigenkapital	831.668	758.096	831.668	73.572	9,70 %
Resultat av ordinær drift etter skatt	101.209	49.031	0	52.178	106,42 %
Sum eigenkapital	932.877	807.127	831.668	125.751	15,58 %
SUM GJELD OG EIGENKAPITAL	6.224.325	5.812.748	5.908.603	411.577	7,08 %

Rekneskapen er ikkje revidert.

Lom den 30. juni 2019/15. august 2019

I styret for SpareBank 1 Lom og Skjåk

Hans Ivar Kolden
Styreleiar

Kai Ove Riise

Jo Trygve Lyngved

Sigbjørn Oppheim

Inga Gudrun Hyrve

Wenche Ritha Vilhelmsen

Unni Strand
Adm. Banksjef

Kvartalsoversikt

tal i 1000 kr	2. kvartal 2019	1. kvartal 2019	4. kvartal 2018	3. kvartal 2018	2. kvartal 2018
RESULTATREKNESSKAP					
Renteinntekter og liknande inntekter	46.094	44.426	43.738	42.114	40.253
Rentekostnader og liknande kostnader	16.069	15.930	14.644	14.721	14.841
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter	30.025	28.496	29.094	27.394	25.412
Utbytte	52.975	868	0	958	23.649
Provisjonsinntekter og inntekter fra banktenester	9.644	8.944	9.398	9.769	8.762
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	661	879	704	729	594
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og verdipapir	25.313	2.200	83	1.891	967
Andre driftsinntekter	60	62	118	115	38
Sum andre inntekter	87.330	11.195	8.895	12.002	32.823
Personalkostnader	8.729	11.627	13.869	9.824	6.506
Administrasjonskostnader	7.025	6.347	7.667	6.643	7.002
Avskrivning mv. av varige driftsmidler	769	789	798	812	803
Andre driftskostnader	4.135	3.624	3.192	2.605	2.818
Sum driftskostnader	20.658	22.387	25.525	19.885	17.129
Resultat før tap	96.697	17.304	12.464	19.511	41.106
Tap på utlån, garantier m.v.	1.200	4.495	-1.122	-1.939	-2.507
Skatt på ordinært resultat	4.119	2.977	4.257	4.979	5.234
Resultat av ordinær drift etter skatt	91.377	9.832	9.329	16.471	38.379

Nøkkeltal

(tal i 1000)	30.06.2019	30.06.2018
Lønsemd		
Eigenkapitalavkastning før skatt	25,39 %	14,84 %
Driftskostnader i prosent av gj.snitt forv.	1,45 %	1,42 %
Driftskostnader i prosent av driftsinntekter	33,23 %	42,81 %
Balansetal		
Brutto utlån til kunder	5.194.720	4.921.536
Brutto utlån inkl. overført til SB1 Boligkreditt	6.743.738	6.367.588
Innskot fra kunder	4.534.674	4.257.935
Innskotsdekning	87,29 %	86,52 %
Utlånsvekst siste 12 mnd	5,6 %	5,3 %
Utlånsvekst siste 12 mnd inkl. SB1 Boligkreditt	5,9 %	6,5 %
Innskotsvekst siste 12 mnd	6,5 %	7,9 %
Utlån til næring inkl. SB1 Boligkreditt	2.293.236	2.066.658
Utlån til privat inkl. SB1 Boligkreditt	4.450.502	4.300.930
Forvaltningskapital	6.224.325	5.812.748
Forvaltningskapital inkl. SB1 Boligkreditt	7.773.343	7.258.799
Tap og misleghald		
Tap i prosent av brutto utlån	0,11 %	-0,03 %
Misleghaldne engasjement av brutto utlån	0,12 %	0,35 %
Likviditet		
Liquidity Coverage Ratio (LCR)	149 %	177 %
Soliditet (etter høvesvis konsolidering)		
Kapitaldekning	19,70 %	19,48 %
Kjernekapitaldekning	18,31 %	17,89 %
Rein kjernekapitaldekning	18,07 %	17,56 %
Uvekta kjernekapitaldekning	10,03 %	
Tilsette		
Antall tilsette	55	54
Årsverk	54	53

Kapitaldekning

Grunnlag kapitaldekning	30.06.2019	30.06.2018
Sparebankens fond	831.668	758.096
Sum egenkapital	831.668	758.096
Fradrag for direkte og indirekte investeringer i selskap i finansiell sektor	-131.583	-132.588
Sum ren kjernekapital	700.085	625.508
Sum kjernekapital	700.085	625.508
Ansvarlig lån	50.069	50.055
Fradrag for direkte og indirekte investeringer i selskap i finansiell sektor	-1.089	-1.143
Netto ansvarlig kapital	749.066	674.420
Risikovekta beregningsgrunnlag		
Kreditt-, motparts- og forringelserisiko	3.482.848	3.164.756
Posisjons-, valuta-, og varerisiko	-	-
Operasjonell risiko	289.714	279.494
Svekket kredittverdighet hos motpart (CVA-risiko)	173	213
Sum beregningsgrunnlag	3.772.734	3.444.463
Ren kjernekapitaldekning	18,56 %	18,16 %
Kjernekapitaldekning	18,56 %	18,16 %
Kapitaldekning	19,85 %	19,58 %
Forholdsmessig konsolidering	30.06.2019	30.06.2018
Ren kjernekapital	815.589	758.139
Kjernekapital	826.814	772.465
Ansvarlig kapital	889.410	841.133
Netto Beregningsgrunnlag	4.514.646	4.318.095
Ren kjernekapitaldekning med forholdsmessig konsolidering	18,07 %	17,56 %
Kjernekapitaldekning med forholdsmessig konsolidering	18,31 %	17,89 %
Kapitaldekning med forholdsmessig konsolidering	19,70 %	19,48 %
Kapitalkrav	30.06.2019	
Minstekrav	4,50 %	
Bevaringsbuffer	2,50 %	
Systemrisikobuffer	3,00 %	
Motsyklisk buffer	2,00 %	
Ren kjernekapitalkrav	12,00 %	
Kjernekapitalkrav	13,50 %	
Kapitaldekningskrav	15,50 %	
Pilar 2 kapitalkrav	2,50 %	
Ren kjernekapitalkrav	14,50 %	
Kjernekapitalkrav	16,00 %	
Kapitaldekningskrav	18,00 %	

SpareBank1 Lom og Skjåk benytter standardmetoden for kredittrisiko og basismetoden for operasjonell risiko.
 SpareBank1 Lom og Skjåk foretar forholdsmessig konsolidering for eierandeler i SB1 Boligkreditt AS, SB1, SB1
 Kredittkort AS og SB1 Finans Midt Norge AS. Pilar 2-kravet gjelder kun på foretaksnivå.

Tap og misleghald

TAP OG TAPSAVSETNINGAR

Tusen kroner	30.06.2019	30.06.2018	31.12.2018
Nedskrivningar på individuelle utlån	13.359	13.000	9.195
Nedskrivningar på grupper av utlån	18.483	17.003	18.282
Nedskrivning på garantiar	2.370	2.893	200
Sum nedskrivninger	34.212	32.896	27.677
Endring i nedskrivningar på individuelle utlån og garantier i perioden	6.352	268	-6.332
+Endring i nedskrivningar på grupper av utlån i perioden	201	-1.127	152
+Amortisert tap	56	82	212
+Konst.tap som det tidligere år er avsett nedskrivning på individuelle utlån for	2.629	20	2.646
+Konst.tap som det tidligere år ikkje er avsett nedskrivning på individuelle utlån for	378	59	1.009
Inngang på tidlegare konstaterte tap i perioden	-3.919	-812	-2.257
Tapskostnader i perioden	5.696	-1.510	-4.570

MISLEGHALDNE LÅN OG GARANTJAR

Tusen kroner	30.06.2019	30.06.2018	31.12.2018
Sum misleghaldne engasjement	6.060	17.138	4.135
Individuelle nedskrivningar	150	4.793	350
Netto misleghaldne engasjement	5.910	12.345	3.785
Øvrige tapsutsette engasjement	33.402	30.710	26.992
Individuelle nedskrivningar	15.695	11.151	8.993
Netto tapsutsette engasjement	17.707	19.559	17.999



2686 LOM
Telefon: 61 21 90 00
Telefaks: 61 21 90 01

2690 SKJÅK
Telefon: 61 21 90 00
Telefaks: 61 21 35 01

2680 VÅGÅ
Telefon: 61 21 90 00
Telefaks: 61 23 94 51

2660 DOMBÅS
Telefon: 61 21 90 00
Telefaks: 61 21 90 05

www.sbls.no
bankpost@sbls.no